



NORGES
HUSFLIDSLAG



DYRSKU'N



vest-telemark
museum

Invitasjon til

HUSFLIDSUTSTILLINGA - Tevling i handverk & design Dyrsku'n 8. - 10. september 2023

Husflidsutstillinga – Tevling i handverk & design vert arrangert i Seljord av Dyrsku'n Arrangement AS og Vest-Telemark Museum i samarbeid med Norges Husflidslag. Tevlinga er den største i sitt slag i landet, og vert i år arrangert for 58. gong. Husflid og handverk er viktige pilarar i arrangementet, og vi er stolte av å både kunne oppretthalde og vidareutvikle Husflidsutstillinga på Dyrsku'n.

Tevlinga har desse kategoriane; *tekstil, tre, sylv, kniv, smiing* og *keramikk* og har som mål å ta vare på både tradisjon, nyskaping, kvalitet, breidde og mangfald. I tillegg ynskjer me å bidra til ei auka rekruttering til husflids- og handverksfaga. Der er av denne grunn oppretta eigne rekruttklassar for elevar, studentar, lærlingar og andre som er i ein form for læresituasjon. Dommarane legg spesiell vekt på å vere gode rådgjevarar, og det er stilt krav til dommarane om å komme med konstruktive tilbakemeldingar på vurderingsskjemaet. Det er viktig at du som utøvar får gode kommentarar på arbeidet.

Vedlagt fylgjer skjema for påmelding med reglement og rettleiing, samt ei brosjyre med informasjon. Vi håpar at mange vil sjå verdien av å delta. Sprei gjerne budskapet i ditt nettverk.

Vi gjer merksam på at det må sendast inn eitt skjema pr. innsendte produkt. Informasjon om gjeldande kategoriar og klasser finn du i rettleiinga for utfylling av påmeldingsskjemaet, samt i brosjyra.

Skjemaet for påmelding er og å finne på [Husflidstevlinga - tevling i handverk & design - Dyrsku'n \(dyrskun.no\)](https://www.dyrskun.no) der du finn ein versjon i PDF-format for utskrift og manuell utfylling. På heimesida vår finn du og anna nyttig informasjon om Dyrsku'n og husflidstevlinga.

Frist for påmelding og innlevering av produkt er fredag 11. august.

NB: påmeldingar som kjem inn etter fristen vert ikkje med i tevlinga. Difor oppmodar me til å vere ute i god tid.

Følg oss gjerne på instagram [Husflid, handverk og design på Dyrsku'n \(@husflid_handverk_design_dyrsku\)](https://www.instagram.com/husflid_handverk_design_dyrsku) • [Instagram photos and videos](https://www.facebook.com/husflid_handverk_design_dyrsku) og bli med i facebookgruppa [«Husflid, handverk og design på Dyrsku'n»](https://www.facebook.com/husflid_handverk_design_dyrsku).

Velkomen som deltakar på tevlinga!

Ved spørsmål, ta kontakt med:

Dyrsku'n Arrangement AS

Vilde Vosgraff | mobil 472 38 213 | vv@vtm.no
Vest-Telemark Museum | Prosjektleder Husflidsutstilling

Norges Husflidslag

Linda Thiis | mobil 412 87 169 | buskerud@husflid.no | Fagansvarleg Husflidstevlinga

DYRSKU'N ARRANGEMENT AS Nordbygdivegen 60, 3840 SELJORD
Tlf.: 35 06 57 70 | Org.nr. 976 466 365
post@dyrskun.no | www.dyrskun.no